

Referat frå elevråd 30.08.23

Til stades: Kornelius Hauge og Nicolay Dyngeland frå 8A, Lina Hadland og Emely T. Bolme frå 8B, Emma Johannessen og Noa Aarrestad frå 9A, Kevin Lende og Miranda H. Tveiten frå 9B, Even T. Liverud og Eline Oftedal frå 10A og Per-Jetmund T. Serigstad og Kamilla L. Martin frå 10 B

Sak 1 Bli kjend

Me starta elevrådet med å ha ein speed-date kor kvar elev måtte fortelja kvifor dei ønska å vera med i elevrådet, om dei hadde noko erfaring, kva saker dei syntes var viktige og kva dei ville jobba for.

Sak 2. Avklara arbeidsoppgåver

Grete gjekk igjennom dei ulike oppgåvene ein kan ha i elevrådet som leiar, nestleiar og sekretær.

Sak 3 Val

Det blei teke val og desse elevane blei valde:

Leiar: Per-Jetmund T. Serigstad

Nestleiar: Emma Johannessen

Sekretær: Emely T. Bolme

Sak 4 Informasjon om born og unge sitt kommunestyremøte

Grete informerte om at det kvart år blir bevilge pengar frå kommunen. Desse pengane skal gagne born og unge i kommunen. Kvar skule får i oppdrag å koma med innspel på kva dei ønskjer å bruka pengane på. Deretter blir nokre elevar invitert ned på rådhuset for å delta på born og unges kommunestyre. Det plar vera matsservering i pausen.

Sak 5. Gjennomgang av sosialt årshjul, med innspel frå elevane

Grete gjekk gjennom sosialt årshjul for å visa elevane kva me vaksne har lagt opp til i fht sosiale aktivitetar gjennom året. Dette blei godt motteke av elevrådet. Sjølv kom elevane med forslag om sykkeltur til Undheim/Tjåland, skitur, Valentine konsert, kino, telttur på 10. trinn.

Sak 6. Frå elevrådet

Elevrådet ba Grete om å sjekke opp pengar som skulane får frå kommunen, som er øremerka elevane.

Sak 7. Nytt møte

Neste møte blir onsdag 4 oktober kl 13.20-14.20 (5. time)

Referent

Grete Reppe Håland

